



Advokatene Ommundsen & Co  
Adv. Ove Jan Ommundsen  
Jacob Kjødnes veg 15  
5232 PARADIS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1041 - 16/14240

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
09.08.2016

## GBNR 47/22 - Opplysningar knytt til matrikkelføring av eigedomen

Administrasjonen viser til ditt brev datert 30.5.2016. Kommunen har følgjande kommentarer til matrikkelføringa:

Det er ikkje lett å finna dokumentasjon på når /kva som har vore endra på bygg før matrikkellova trådde i kraft.

Første dokumentasjon kommunen har funne er utskrift av ein GAB-rapport frå Statens Kartverk dat. 10.11.1995, der bygget var registrert med byggkode 99. Dette var byggtipe «andre bygg». Dette kan tyda på at bygget var registrert slik ved MA-bygg registreringa i 1993.

Skøyte på eigdommen 47/22 frå pinsemenigheten Zion til Johan Mathias Gripsgård blei tinglyst 05.9.1994.

I følgje kartverket har dei funne bygget registrert med bygningstypen 91 ( Fritidsbygg) i 1999.

Det må difor ha skjedd ei endring frå «andre bygg» til fritidsbygg mellom 1993 (1995) og 1999. Slike endringar kan ha vore gjort etter lokal kunnskap om bruk eller opplysningar frå eigar, og ein finn ikkje dokumentasjon i kommunen på denne endringa.

Kartverket har dokumentert at dette bygget kom ut på ei feilliste frå GAB 12.12.2006- bygg som mangla adresse, men som truleg skulle hatt adresse. Det er nærliggande å tru at dette bygget vart tildelt matrikkeladresse på datoen 18.12.2006.

Seinare vart det omadressering til offisiell gateadresse Rosslandsvegen 1569, etter vedtak 11.05.2007.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

I 2009 innførte Meland kommune egedomsskatt. Synfaringkartet som var med her viste byggtypen 161- fritidsbygg. I etterkant av synfaringa 15.12.2008 vart det registert inn etasjetype og areal pr etasje i matrikkelen. Tidspunkt for registreringa er ikkje dokumentert, men mest truleg er den siste registreringa som er notert 12.9.2009 innlegging av opplysningar om etasje/areal. Kommunen hadde 3 personar som førte areal etter registreringar for synfaring eigdomsskatt og dette var ei omfattande og tidkrevjande registrering. Ingen endring i byggtipe her.

Matrikkellova trådde i kraft i 2010. Føringar som vart utført før dette hadde ikkje same krav til dokumentasjon og underretting som etter regelverket i dag. Kommunen har difor ikkje dokumentasjon som nemnd i punkt 2 og 3 i brev av 30.5.2016 og heller ikkje kjennskap til sakshandsamar som etterspurd i punkt 1.

Det blir elles vist til brev frå administrasjonen av 7.7.2015, kva gjeld planstatus for egedomen i dag og eventuell handsaming etter plan- og bygningslova.  
Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*